

## Årsrapport 2021 Basketballgruppa Eikefjord Idrettslag

Fram til sommaren var alle kamper og treninger for voksne avsløyst pga corona.

Vi starta opp optimistisk i september med treninga ein gang i veka. På det meste var vi 15 stk på trening. I oktober starta vi med seriekamper. Vi hadde ein heimekamp og tre bortekamper før det stengte ned igjen i desember.

Det er tøft for motivasjonen å ha desse ned stengingane og Eikefjord seniorlag har ikkje fleire spillarar enn ein treng. Ein har derfor bestemt at ein trekker laget frå seriespel sesongen 21/22.

For dei yngre har det vore enklare å drive aktivitet utan altfor mange corona restriksjonar. Dag Nybø har hatt trening på onsdagar for to grupper. Eine gruppa er på frå 2. til 6. klasse og andre gruppa frå 7. klasse til vgs. Til saman er dei 27 aktive.

Vi gjennomførte årsmøte måndag 31. januar. Ny organisering i Eikefjord idrettslag gjer at vi bare treng tre personar til styre i basketballgruppa det neste året.

Leiar blir Andre Hatleset. Mona Johannessen og Kazimieras Dzidzevicius blir styremedlemar.

Økonomien i basketballgruppa er god. Dette mykje på grunn av lite reiseaktivitet.